




ÅRSMELDING 2009



SENTER FOR INTERNASJONALISERING AV HØGRE UTDANNING

Publikasjon
01/10





INNHALD

/03/ **Kompetansepertnar for utdanningsinstitusjonane**

/04/ **Internasjonalisering gjeld alle**

/06/ **Programdrifta**

/08/ **Nøkkeltall**

/10/ **Internasjonalisering av grunnopplæringa**

/12/ **Profilering av Noreg som studie- og forskingsland**

/12/ **Informasjon og kommunikasjon**

/13/ **Kompetansebygging**

/13/ **Rådgeving, utredning og service**

/14/ **Organisasjon**

På www.siu.no finn du mellom anna meir informasjon om SIU og våre medarbeidarar, om program og avtalar og om kven som sit i SIUs styre og i ulike programstyrer og -utval.

Utgitt av Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) i april 2010

ANSVARLEG REDAKTØR/ Hanne Alver Krum

REDAKSJON/ Arne Liljedahl Lynngård, Hanne Alver Krum, Helge Skugstad, Vidar Pedersen og Paul Manger

PRODUKSJON/ Konvoi AS

TRYKK/ Molvik Grafisk

FOTO/ David Zadig. SIDE 5/ Runo Isaksen

OPPLAG/ 400

ISSN/ 1503-2876

Kompetansepartner for utdanningsinstitusjonane

SIU skal vere Noregs fremste kompetansemiljø innanfor internasjonalisering av utdanning. Å styrke vår posisjon som ein partner og ressurs for leiinga ved utdanningsinstitusjonane står derfor høgt på SIUs agenda.

Eit bidrag til å få kunnskap om internasjonaliseringsarbeidet ved norske universitet og høøgskular er den årlege Tilstandsrapporten SIU lagar. Nytt i årets rapport er ei spørjeundersøking som gir eit bilete av institusjonanes strategiske arbeid og arbeidet med felles gradar og studieprogram. I 2009-rapporten ser vi særskilt nærare på allmennlæruddanninga. Profesjonsutdanningane har vore lite internasjonalisert samanlikna med andre fagområde, noko som vart kommentert i stortingsmeldinga om internasjonalisering av utdanning. Det er såleis viktig å få meir kunnskap om kva som kan fremje internasjonalisering i læruddanninga. Ein av konklusjonane i årets rapport er at koplinga mellom studentmobilitet og fagleg samarbeid er for svak.

I Kunnskapsdepartementet er ein oppteken av koplinga mellom høgre utdanning og forskning, og at master- og ph.d.-studentar vert kopla til internasjonalt forskningssamarbeid. Ein statusgjenomgang av programma som inngår i Nord-Amerika-strategien (og som SIU forvaltar for Kunnskapsdepartementet), viser at fleire prosjekt får til slike koplingar. Institusjonane som delteke i ordninga har gjennomført ein rekke sommarskular, feltkurs, felles seminar og utveksling av studentar, men også utvikling av fellesgradar og felles studieprogram. Partnerskapsprogrammet og Prosjektmidlane er vorte gode modellar for korleis forskarar og institusjonar kan få inspirasjon til økt høgre utdanningssamarbeid og økt studentmobilitet. Erfaringane frå Nord-Amerika-strategien kan gje viktige innspel til utforming av framtidige incentivordningar som kan senke terskelen for å inngå institusjonelt samarbeid med prioriterte satsingsland i Asia og Latin-Amerika.

Den auka vektlegginga av internasjonalisering av skulesektoren opnar nye moglegheiter for SIU. I Stortingsmelding nr. 14 (2008-2009) Internasjonalisering av utdanning fremjar departementet ei rekke forslag til tiltak for å styrke internasjonalisering av grunnopplæringa. Departementet vil i denne samanheng utvide SIUs oppgåver til i større grad å vere eit service- og kompetansesenter for skular og skulemyndigheiter i grunnopplæringa, mellom anna for å sikre auka bruk av program i regi av EU og andre aktørar. Dette er en rolle SIU lenge har ønsket seg. SIU har i første omgang



fått prosjektmiddel for 2010 for å gjennomføre nokre prioriterte tiltak, mellom anna utarbeiding av rettleingsmateriell (Internasjonaliseringshandbok) og egne nettsider for skulen til informasjon og inspirasjon. Eit viktig tiltak er også å kartlegge interessentar, etablere kontaktar og møteplassar for spreing av informasjon. Vår målsetting er at SIUs rolle som service- og kompetansesenter i grunnopplæringa skal verte permanent.

Overgangen 2009/2010 har vore prega av at vi er inne i ei tid med evaluering av både program som SIU forvaltar og evaluering av SIU som heilskap. Hovudkonklusjonen i evalueringsrapporten for NUFU og NOMA er at dei to programma i stor grad har medverka til kapasitetsbygging innan høgre utdanning og forskning i samarbeidsland i Sør, men at det trengs endringar i ein vidareføring. Når det gjeld evalueringa av SIU skal aktivitetane dei siste seks åra med vekt på verksemdas mål og resultat, organisering og leiing verte analysert. Evalueringsrapporten skal liggje føre til 1. august 2010. Det skal verte spanande å lese kva konklusjonar og tilrådingar som vert fremja om SIUs framtidige verksemd. Evalueringsrapporten vil forhåpentlig gi viktige innspel til mandat og vidare strategisk utvikling av senteret.


ARNE LILJEDAHL LYNNGÅRD
DIREKTØR

Internasjonalisering gjeld alle

I 2009 kunne SIU markere at det var fem år sidan senteret vart etablert som eit statleg forvaltningsorgan. Dette var også året då regjeringa fremja den første stortingsmeldinga som er laga om internasjonalisering.

Stortingsmelding nr. 14 (2008-2009), Internasjonalisering av utdanning, var ei viktig melding - for internasjonaliseringsområdet generelt og for SIU spesielt. Styret konstaterer med tilfredsheit at stortingsmeldinga understrekar betydninga SIU har for arbeidet innan dette fagfeltet og opplever signala som vert gjevne i meldinga om ei ytterlegare satsing som viktige og riktige.

I tillegg til signal om auka satsing på alle SIU sine ansvarsområde, gav også meldinga startskotet til at SIU skulle vidareutviklast til et sørvis- og kompetansesenter også for skulesektoren. SIU har fått både midlar og mandat for en satsing på dette området i 2010. Denne utviklinga er heilt i tråd med strategien til SIU, og vil etter styret si meining styrke SIU som kompetanseorgan.

Direktør for SIU gjennom fem år, Gunn Mangerud, sa i 2009 opp si stilling. Arne Liljedahl Lynngård tiltredde som ny direktør 1. september 2009. Styret takkar avtroppa direktør for innsatsen.

Styret har i perioden hatt fire styremøte og har gjennom året hatt ein god dialog med administrasjonen til SIU.

Arbeidet i 2009 har vore utført i samsvar med vedtekter og verksemdsplan for SIU, og rapporteringa for året viser at mål og delmål for SIUs fem hovudområde i all hovudsak er nådde.

«Internasjonalisering skal angå alle elever og studenter. Internasjonalisering skal åpne utdannings-systemene mot omverdenen og fremme samarbeid og internasjonale perspektiver både på individnivå, for utdanningsinstitusjonene og på myndighetsnivået.»

(STORTINGSMELDING NR. 14 (2008-2009), INTERNASJONALISERING AV UTDANNING)

Programforvaltning

Ei breitt samansett programportefølje der ikkje minst EUs program for livslang læring og store program innan utviklingssamarbeid står sentralt, dannar grunnlaget for at SIU skal kunne fylla si viktige rolle i forhold til internasjonalisering av utdanning i et heilskapleg perspektiv.

Erasmus Mundus og Nordic Master Programme (NMP) står fram som flaggskip for internasjonalisering høvesvis i Europa og i Norden. SIU fekk i 2009 oppgåva å administrere NMP på vegne av Nordisk Ministerråd. Styret ser det som positivt at SIU får og tek på seg slike oppdrag.

I Noreg, som i mange andre land, har det dei seinare åra vore ein nedgang i søkinga til Erasmus-programmet. For studieåret 2008-

09 ser denne tendensen ut til å snu for Noreg sin del, noko styret ser på som gledeleg. Ei kontinuerleg og målretta satsing ovafor norske studentar vil likevel vere av stor betydning i tida som kjem for å oppretthalde og styrke ein positiv trend.

Eit mål for SIU i inneverande strategiperiode er å bidra til auka kapasitet og institusjonsbygging i prioriterte utviklingsland. Styret opplever at SIU har stor og etterspurt kompetanse på dette området. NUFU-konferansen i Malawi samla heile 130 deltakarar i februar 2009 og resulterte i innspel som programstyret for NUFU vil nytte i drøftingane om nytt program etter 2011. Styret ser denne typen arrangement som eit godt høve til å vidareutvikle og formidle kunnskap på et viktig felt.

Profilering av Noreg som studie- og forskingsland

Gjennom profileringsarbeidet skal SIU skape et godt renommé for norsk utdanning og forskning og slik auke Noregs evne til å konkurrere om gode studentar og forskarar til institusjonane våre.

Styret synes det er gledeleg å konstatere at talet på utanlandske studentar i Noreg framleis aukar. Det tek lang tid før konkrete resultat i form av auka mobilitet vert målbart, men talet besøk på nettstaden studyinnorway.no er eit godt mål på om kommunikasjonen når fram til målgruppene. Besøksstatistikken her viser tydeleg samanheng med møte, besøk og andre aktivitetar i SIU-regi.

Styret har eit klart inntrykk av at institusjonane i stor grad opplever at SIU er en nyttig partnar i det internasjonale profileringsarbeidet.

Informasjon og kommunikasjon

Mangel på informasjon vert oppgjeve i undersøkingar som eit av dei viktigaste hindera for mobilitet. SIU lanserte i 2009 sin nye nettportal studeriuutlandet.no. Styret meiner den nye nettstaden vil vere eit viktig verkemiddel for at stadig fleire norske studentar skal velje å ta heile eller delar av utdanninga si i utlandet.

SIU sitt elektroniske nyhendebrev er vorte eit godt supplement til informasjon på siu.no og i trykte publikasjonar. I 2009 starta SIU også med eit eige nyhendebrev direkte til leiarar ved institusjonar innan høgare utdanning, eit tiltak styret ser som svært positivt.

Også i 2009 har SIU auka sitt nærvære i media. Styret vil særleg trekke fram satsinga på profilering av internasjonale prosjekt knytt til SIUs program i lokale media som vellukka.

Kompetansebygging for å fremje internasjonalt samarbeid i sektoren

SIU skal vere et kompetanseorgan for norske styresmakter og utdanningsinstitusjonar i deira internasjonaliseringsarbeid. SIU gjev ut to årlege publikasjonar: Tilstandsrapporten om internasio-



SIUs styre. Frå venstre: Eirin Moe, styresekretær SIU, Anette I. Cvijanovic, StL (medlem), Magnus Malnes, NSU (varamedlem), Sonni Olsen, UHR (leiar), Trine Ellefsen, UHR (varamedlem), Arne Liljedahl Lynngård, direktør i SIU, Ragnhild Solvi Berg, SIU (medlem /representant for dei tilsette), Ole Eriksen, UHR (medlem), Nils Christophersen, UHR (medlem), Øystein Gudim, Kunnskapsdepartementet (varamedlem). Styremedlemmene Lars Moe, UHR og Sandra Qian Xiao, Kunnskapsdepartementet, var ikkje til stades då biletet vart teke.

naliseringsarbeidet ved norske universitet og høgskolar og mobilitetsrapporten. Dette er etter styret si meining verdifulle bidrag for å auke kunnskapen på feltet.

Kurs og konferansar står sentralt i arbeidet for kompetansebygging. I 2009 vil styret særleg trekke fram mobilitetskonferansen og eit seminar basert på OECD-rapporten «Competition for the Highly Skilled». Konferansen Bridges of Knowledge vert arrangert av SIU annakvart år og var planlagt til november 2009, med temaet "Abroad at Home: Towards Global Competence in Higher Education". Få påmeldingar til konferansen gjorde at SIU såg det som naudsynt å avlyse. Styret synes dette var leit, men meiner at administrasjonen har føreteke ei god evaluering av konseptet og vil kunne arrangere Bridges of Knowledge som planlagt i 2011.

Rådgeving og utredning

Gjennom organisasjonsendring som vart sett i verk i 2009, har SIU no ein eigen seksjon for utredning og analyse. Styret er nøgd med å kunne konstatere at organiseringa har styrka SIU sin innsats på området.

I løpet av 2009 har SIU gjennomført ei rekke ulike prosjekt og utredningsoppgåver. Styret ser positivt på at Kunnskapsdepartementet brukar kompetanse frå SIU i aukande grad gjennom bestillingar og på andre måtar. At administrasjonen også har sett i verk fleire eigne initiativ i året som har gått er i tråd med styret sine ønske om ei styrka satsing på området.

Organisasjon

Gjennom dei to siste åra har administrasjonen i SIU jobba målretta med utvikling av eit heilskapleg kvalitetssystem og innarbeiding

av gode kvalitetsrutinar. Hausten 2009 vart SIU sertifisert etter ISO 9001:2008-standarden. Styret er stolt av at senteret, som eitt av få statlege forvaltningsorgan, har oppnådd ISO-sertifisering.

Arbeidsmiljøundersøkinga som vart gjennomført våren 2009 ga nok ein gong gode resultat, og viser at arbeidsmiljøet i SIU er svært godt. I ein kompetanseintensiv organisasjon som SIU er dette viktig både for å rekruttere og for å halde på dyktige medarbeidarar. På starten av året vart det gjennomført ei organisasjonsendring i SIU. De viktigaste endringane var innføring av eit nytt leiarnivå og oppretting av ein eigen seksjon for utredning og analyse. Organisasjonen gjen speglar no i større grad enn tidlegare SIUs hovudoppgåver, og dei nye einingane i seksjonane for programforvaltning har fått ei tydeleg målgruppeinnretning. Endringane har vist seg å fungere tilfredsstillande, og styret meiner SIUs organisasjon er godt rusta for dei mange oppgåvene senteret skal utføre i tida som kjem.

70 prosent av medarbeidarane i SIU er kvinner og ei jamnare kjønnsfordeling er ønskeleg. Sju prosent av medarbeidarane har bakgrunn frå andre land enn Noreg. Det er stadig eit mål å auke denne delen.

SIU er ein del av Grøn stat og jobbar for å innfri ønska miljømål.

Nils Christophersen, Lars Moe, Ole Eriksen, Sandra Qian Xiao, Anette I. Cvijanovic, Ragnhild Solvi Berg

SONNI OLSEN, STYRELEIAR

Programdrifta

Comenius

I 2009 tok SIU imot 139 søknader om deltaking i 121 multilaterale og 18 bilaterale partnerskap for perioden 2009-2011. Av desse fekk 94 støtte, tilsvarande 68 prosent. Comenius-prisen for 2009 ønskte å løfte fram gode døme på korleis resultat av prosjektsamarbeid har vorte spreidde. Prisen gjekk til Samisk vidaregåande skule.

Erasmus

Talet på mobile studentar steig gledeleg i 2008/2009. 1410 studentar nytta seg av programmet, anten til studium (1320) eller praksisopphald (90), ein auke på heile 315 studentar totalt. Lærarmobiliteten sank noko etter rekordtalet førre året, frå 346 i 07-08 til 323 i 08-09, medan 154 tilsette reiste ut i Europa, ein liten auke på 17 frå året før. I 2009 vart åtte prosjekt innanfor Erasmus intensive program (IP) godkjende for støtte.

Erasmus Mundus

I første søknadsrunde av Erasmus Mundus II var norske institusjonar med i 24 prosjekt, fordelt på 17 masterprogram og sju ph.d-program. Seks masterprogram vart godkjende, men ingen ph.d.-søknader. Noreg deltek dermed i 15 ulike program i alt, to av desse som koordinator, begge ved Høgskolen i Oslo.

Europass

Europass skal bidra til at kvalifikasjonane, kunnskapane og ferdigheitene dine vert betre forstått i Europa. I 2009 har SIU informert om Europass på fire regionale informasjonsmøte og fleire andre relevante seminar. I tillegg er det gjennomført ein konferanse i samarbeid med Eures, Euroguidance, Eurodesk, ANSA og NHO - Jobb og utdanning i Europa: Ein verktøykasse for rådgivarar.

Den europeiske språkprisen

Den europeiske språkprisen European Language Label vert kvart år delt ut til nyskapande prosjekt som har fremja læring av språk. I 2009 gjekk prisen til Sogn vidaregåande skule i Oslo for prosjektet "EuroCatering", eit nettbasert språkkurs for elevar og lærlingar i restaurant- og matfag. Tittelen «Årets språkambassadør» gjekk til Migrapolis-redaksjonen fordi dei på ein god måte synleggjer fleirspråklegheit som ein verdifull ressurs.

Frankrike-programmet

Årskurs for lærarar og lærarstudentar ved OFNEC i Caen fekk 16 søkjararar i 2009, ein liten oppgang, medan fransk som reiskapsfag (FRAR) fekk ein nedgang frå året før med 13. Etter reglane må det vera minst to norske søkjarar til omsetjingsstudiet. SIU mottok berre ein søknad, og det blei difor ikkje tatt opp norske studentar ved ESIT i 2009. Til gradsstudia ved INSA og UT1 i Toulouse er det stadig ei utfordring å få nok søkarar til studieplassane, i 2009 var det særleg få søkarar til økonomistudia.

Gjør det!

Gjør det!-programmet har som mål å vidareutvikle samarbeid innan fag- og yrkesretta opplæring, fremme mobilitet over landegrensene og styrke partnerskap mellom bedrifter og opplæringsorganisasjonar i Tyskland og Noreg. I 2009 kom det inn totalt 24 søknader, og 18 vart støtta.

Grundtvig

Grundtvig-programmet har som mål å vidareutvikle samarbeidet innan vaksnes læring. Ved søknadsfristen 2009 hadde SIU fått inn 35 søknader om to-årige partnerskap. Totalt vart 21 partnerskap godkjente i 2009, tre av desse har norsk koordinator.

Kvoteordningen

SIU starta hausten 2009 i samarbeid med Kunnskapsdepartementet arbeidet med førebuingar til ein ny programperiode for åra 2011-2014, blant anna gjennom revisjon av nytt rundskriv og utlysning for den nye perioden.

Leonardo da Vinci

Partnerskap legg til rette for utvikling av fagsamarbeid i Europa. Partnerskap var ein ny aktivitet i Leonardo-programmet i 2008 og da kom det inn 26 søknader. I 2009 auka talet til 37. 19 av disse vart godkjent.

Vidareutviklingsprosjekt skal bidra til å spreie nye løysingar - anten det gjeld metodikk, innhald eller bruk av teknologi - på bakgrunn av gode resultat frå tidlegare prosjekt. I 2009 kom det inn 11 søknader og fem fekk midlar.

Mobilitetsprosjekt er retta mot individuell mobilitet der målet er auka fagleg kompetanse og styrking av den språklege, kulturelle og sosiale kompetansen. I 2009 kom det inn 86 søknader og 78 prosjekt vart tildelt midlar. Flest søknader kjem frå vidaregåande skular, opplæringskontor og fylkeskommunar.

Nasjonalt program for utvikling, forskning og utdanning (NUFU)

NUFU har i 2009 støtta 69 femårige samarbeidsprosjekt fordelt på 35 institusjonar og 18 land. I alt 12 norske institusjonar er involvert. I utlysning av resterande midlar innanfor NUCOOP (samarbeid med Sudan) fekk tre mindre prosjekt støtte. I samarbeid med University of Malawi vart det arrangert ein stor konferanse i Lilongwe i februar med god deltaking. Saman med Norad arrangerte SIU i desember eit temaseminar der fleire prosjekt vart presentert. NUFU vart evaluert i 2009, men evalueringsrapporten var enno ikkje gjort offentleg ved utgangen av året.

Norads kulturutdanningsprogram

I 2009 vart det gitt støtte til seks prosjekt i Norads kulturutdanningsprogram. Prosjekta er ført vidare frå førre programperiode. I 2009 vart det òg tildelt støtte til eit nettverksprosjekt som involverer tre institusjonar i Sør og tre i Noreg. Temaet for dette prosjektet er metodar for arkivering av opptak av musikk og dans ved institusjonane i Sør.

Norads program for masterstudier (NOMA)

NOMA vart i 2009 utvida med åtte prosjekt og for første gong er Latin-Amerika inkludert med eit prosjekt i Nicaragua og eit i Bolivia. I 2009 vart prosjektperioden for fleire prosjekt forlenga med ekstra studentopptak til ut 2013. NOMA vart evaluert i 2009, men evalueringsrapporten var enno ikkje gjort offentleg ved utgangen av året.

Nordisk-russisk samarbeid

På vegne av Nordisk Ministerråd gjennomførte SIU i 2009 utlysning av midlar til førebuande aktivitetar innan nordisk-russisk samarbeid, og midlar til å knyte russiske institusjonar til eksisterande Nordplus-prosjekt, såkalla Nordplus Bridge. SIU samarbeida med dei andre nordiske nasjonalkontora i søknadsbehandlinga. I alt 28 søkjarar vart tildelt støtte, i hovudsak til førebuande nettverksaktivitetar. Aktivitetane vart avslutta i løpet av 2010.

Nordområdestipend

Universitet og høgskular i dei tre nordlegaste fylka i Noreg, samt Universitetssenteret på Svalbard, kan søke SIU om å disponere plassar i programmet etter avtale med Utanriksdepartementet. I 2009 søkte alle relevante institusjonar om støtte, med unntak av Høgskolen i Nesna. Alle institusjonane som søkte mottok stipendplassar.

Nordplus

SIU er hovudkoordinator for Nordplus Rammeprogram, ansvarleg for nettstaden www.nordplusonline.org, hovudadministrator for Nordplus Horisontal og medadministrator for dei andre Nordplus-programma, noko som inneber deltaking i søknadshandsaming og ansvar for informasjon og rettleiing til søkjarar i Noreg.

131 norske institusjonar deltek i Nordplus. Av totalt 438 godkjende prosjekt i Nordplus i 2009, er 66 koordinert av norske institusjonar. Noreg deltek med ein eller fleire institusjonar i til saman 259 prosjekt.

Norgeskunnskap ved høgere læresteder i utlandet

Omlag 140 lærestadar over heile verda tilbyr undervisning i norske emne og får ulike tilskot til arbeidet gjennom ordninga. I 2009 har SIU halde fram arbeidet med å standardisere forvaltninga av ordninga som inkluderer støtte til utanlandslektorat og semesterstipend.

Pestalozzi-programmet

Pestalozzi er ei ordning i regi av Europarådet som gjev lærarar og andre tilsette i skulen tilbod om å delta på kurs i Europarådets medlemsland. I 2009 mottok SIU 28 søknader frå norske lærarar, noko som representerer solid framgang frå 2008.

Russlands-programmet

Alle prosjekta rapporterte i 2009 om god framdrift. SIU og Forskningsrådet organiserte institusjonsbesøk saman med medlem av programstyret til tre utdanningsprosjekt og to forskingsprosjekt i St. Petersburg i mai. Funn og observasjonar frå denne turen la grunnlag for eit seminar i Oslo 10. desember for norske prosjektleiingar frå både forskings- og utdanningsprosjekta. Seminaret tok opp felles utfordringar på tvers av prosjekta og var ein arena for erfaringsutveksling og læring.

Samarbeidsavtale med Pakistan

I studieåret 2009/2010 studerer 49 pakistanske studentar i Noreg under avtalen med Pakistan Higher Education Commission (HEC), 20 masterstudentar og 29 ph.d.-kandidatar fordelt på åtte norske

høgre utdanningsinstitusjonar. Det vart i 2009 ikkje tatt opp fleire studentar under avtalen. Samarbeidsavtalen er under revisjon, og ein revidert avtale vil verte signert våren 2010.

Samarbeidsprogram med land på Vest-Balkan

Avtalen med Utanriksdepartementet (UD) om forvaltning av samarbeidsprogrammet med Vest-Balkan gjekk ut i 2009, men fleire av prosjekta vart først avslutta våren 2010. UD fekk gjort ein ekstern gjennomgang av samarbeidsprogrammet sommaren 2009 som også tok for seg eit UMB-forvalta samarbeidsprogram. Gjennomgangen var svært positiv til både resultat og gjennomføring av begge programma. Programmet vil bli vidareført gjennom ein ny modell der SIU ikkje har ei rolle.

Studiebesøksprogrammet

Noreg har 36 stipend å dele ut gjennom studiebesøksprogrammet. Samanlikna med året før vart søknadsmengda meir enn halvert i 2009. SIU mottok 41 søknader, 36 av desse fekk støtte. Noreg arrangerer kvart år kurs i regi av studiebesøksprogrammet, og fem søknader til studieåret 2009 fekk alle støtte.

Sør-Kaukasus og Sentral-Asia

SIU følgde i 2009 opp dei langsiktige samarbeidsprosjekta mellom norske institusjonar og institusjonar i Georgia, Aserbajdsjan og Kirgisistan. Vidare vart det opna for søknader om såkornmidlar for å utvikle nye samarbeidskonstellasjonar. Fem prosjekt fekk støtte til utvikling av samarbeid med institusjonar i Georgia, Usbekistan og Kirgisistan.

Tanzania-avtalen

Norad og SIU har inngått ein avtale om administrasjon av støtta til University of Dar es Salaam (UDSM) for Programme for Institutional Transformation, Research and Outreach (PITRO III) fram til 30. juni 2012. Avtalen med den norske ambassaden i Dar es Salaam omfattar no administrasjon av støtte til Sokoine Agricultural University, etter at støtta til Mzumbe University vart avslutta i 2009.

Utdanningsamarbeid med Nord-Amerika

Dei 12 prosjekta i Partnerskapsprogrammet mellom Noreg og Nord-Amerika gjennomførte i 2009 ei rekke aktivitetar, blant tiltaka var felles undervisning, feltkurs, sommarskular og studentstipend. SIU tildelte i 2009 for første gong prosjektmidlar for samarbeid med Nord-Amerika. Midlane vart utlyst som støtte til prosjekt med målsetting om å etablere nye samarbeid eller styrke eksisterande samarbeidsinitiativ. Det kom i alt inn 73 søknader, og 16 prosjekt fekk tildelt prosjektmidlar på til saman 1,5 millionar kroner.

Nøkkeltall 2009*

i 1 000 nok

Driftsinntekter	75 383
Driftskostnader	75 215
Ordinært driftsresultat	168
Netto finansinntekt/-kostnad	-2
Resultat av ordinære aktiviteter	166


*) Foreløpige tall. Endelig regnskap er klart 15. juli.

Resultat overført frå 2008	339
Til disposisjon per 31.12.09	505

Resultat er disponert:

284 974 vert overført til disposisjon for 2010
220 000 tap tilskotsmidlar Erasmus Link

Tilskuddsfordeling 2009 ved SIU (i mill. kr)



Utdrag frå leiingas kommentar

SIU-styret har i 2009 rullert SIUs strategi, og ny strategiplan som gjeld frå 2008 og frem til 2011 er implementert. Strategien har sett klare og ambisiøse mål for neste fireårsperiode og gjev saman med vedtektene og det årlege tildelingsbrevet frå KD rammene for verksemda.


Løyving frå Kunnskapsdepartementet er brukt til de formål som er fastsett i SIUs vedtekter, strategi og tildelingsbrev for 2009.

- Programforvaltning
- Profilerings av Noreg som studie- og forskingsland overfor utlandet
- Informasjon og kommunikasjon
- Kompetansebygging for å fremme internasjonalt samarbeid i sektoren
- Rådgjeving, utredning og servicefunksjon for norske myndigheter
- Organisasjonsmål

Løyvingar frå Kunnskapsdepartementet i 2009

- 38,951 mill. kr til drift av SIU
- 8,46 mill. kr til Nord-Amerika-strategien
- 0,8 mill. kr til Pestalozzi-programmet
- 1,5 mill. kr til oppfølging av samarbeidet med Latin-Amerika. Vert overført til 2010
- 7,5 mill. kr til nasjonale ekspertar over kap. 252
- \$10 000 til Johan Jørgen Holsts minnefond over kap. 270 post 71
- 0,4 mill. til høgre utdanningssamarbeid med India

Inntekter og kostnader 2007-2009 (i mill. kr)



Balanse pr.: 31.12.2009

EIGENDELAR	31.12.09	31.12.08
A. Anleggsmiddel		
I Varige driftsmiddel		
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	2320	
Sum varige driftsmiddel	2320	
Sum anleggsmiddel	2320	0
B. Omløpsmiddel		
II Fordringar		
Kundefordringar	1 888	8 941
Andre fordringar	-17 419	-60 025
Sum fordringar	-15 531	-51 084
III Kasse og bank		
Bankinnskot	47 829	57 079
Andre bankinnskot	0	0
Sum kasse og bank	47 829	57 079
Sum omløpsmiddel	32 298	5 995
Sum eigendelar	34 618	5 995

VERKSEMDSKAPITAL OG GJELD


	31.12.09	31.12.08
C. Verksemdskapital		
Sum verksemdskapital	0	0
D. Gjeld		
I Avsetning for langsiktige skyldnader		
Ikkje inntektsført løyving knytt til anleggsmiddel	2 320	
Andre avsetningar for skyldnad	900	
I Sum avsetning for langsiktige skyldnader	3 220	251
II Sum anna langsiktig gjeld	0	0
III Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	8 467	18 485
Skyldig skattetrekk	1 398	1 342
Skyldige offentlege avgifter	1 889	1 380
Avsette feriepengar	3 247	2 871
Forskotsbetalt, ikkje optente inntekter	14 838	-20 417
Anna kortsiktig gjeld	1 055	1 095
Sum kortsiktig gjeld	30 893	4 756
IV Avrekning med statskassa		
Avsetning statlig og bidragsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	505	988
Sum avrekningar	505	988
Sum gjeld	34 618	5 995
Sum verksemdskapital og gjeld	34 618	5 995

Internasjonalisering av grunnopplæringa

Stortingsmelding nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av utdanning* har som utgangspunkt at internasjonalisering rører ved alle sider ved utdanningstilboda på alle nivå, og for første gang er det retta søkelys på internasjonalisering av grunnopplæring, fagskular og høgre utdanning i eit bredt perspektiv.

Internasjonalisering i skulen handlar om ei rekke forhold. Eit er mellomnasjonale prosessar for samordning og informasjon om utdanningssystem. Eit anna er skulen sin kontakt med omverda utanfor Noreg gjennom utdanningssamarbeid med skular i andre land. Eit tredje handlar om korleis ein møter elevar frå andre kulturar i norske klasserom og gjer norske elevar betre i stand til å møte og leve i eit større kulturelt mangfald, og eit fjerde om å ta andres ståstad og tradisjonar inn i undervisninga. Dei to siste er knytt til «internasjonalisering heime», noko som vert sterkt framheva frå politisk hald. I Stortingsmeldinga fremjer departementet ei rekke forslag til tiltak for å styrke internasjonalisering av grunnopplæringa. Eit av forslaga er å styrke service- og kompetansesenterfunksjonen på nasjonalt nivå for skular og skulemyndigheiter, først og fremst for å sikre auka bruk av program i regi av EU og andre aktørar.

I utgangspunktet er grunnskulen i Noreg, som i andre land, del av det nasjonale prosjekt. Men staten søkjer å balansere det nasjonale med det internasjonale, og internasjonalisering har etter kvart vorte ein viktigare del av skulen sitt sentrale danningssopdrag.



Ikkje minst er den raske utviklinga av Noreg til eit pluralistisk, multikulturelt samfunn ei stor utfordring for norsk skule. I forhold til sjølve danningssopdraget, kan internasjonal kontakt spele ei positiv rolle, utan at det vert særskilt peika på i politiske dokument. I St. Meld. 14 er faga som vert nemnd i samband med internasjonalisering først og fremst språk- og samfunnsfag, eventuelt knytt til andre fag i tverrfaglege prosjekt. Internasjonalisering som ei side ved alle fag kjem mindre klårt fram. I yrkesopplæringa er kjennskap til internasjonale standardar eit krav. Yrkesopplæringa er også den sektor som har det største innslaget frå EUs arbeid med å skape felles standardar.

Det ser ut til at fleirtalet av skuleeigarar har eit avgrensa engasjement knytt til internasjonalisering. Dei ser og i liten grad EU sine program som verkemiddel inn mot andre strategiar. Det er derfor viktig å løfte internasjonaliseringa, vise meirverdien og korleis den kan verke som eit kvalitetsfremjande verkty. Stortingsmeldinga understrekar at internasjonalisering av grunntutdanninga må starte ved skulestart, og at det skal vere ein integrert del av det daglege arbeid i alle fag gjennom heile utdanningsløpet. Mot denne bakgrunnen er det naturleg å sjå internasjonalisering av grunnopplæringa som parallell til den vi har for høgre utdanning; å knytte internasjonalisering til kvalitetsutvikling.

Fleire tiltak er aktuelle for å styrke internasjonalisering i grunnopplæringa. Slike tiltak omfattar utvikling av materiell og nettverk med tanke på å stimulere til auka internasjonalisering. I kontakta med utlandet ligg det, i til dømes EU sitt program for livslang læring, òg tilgang til ressursar som har relevans for internasjonalisering knytt til innhaldet i læreplanar og for internasjonalisering i møte med det fleirkulturelle samfunn.

Kunnskapsstatus kring internasjonalisering i grunntutdanninga er mangelfull. Skuleeigarar sitt ansvar for at skulane tilbyr opplæring i samsvar med læreplanen gjer det interessant å få betre innsikt i både kva kommunar og fylkeskommunar veit om skulane sitt arbeid med internasjonalisering. Det er òg interessant å vite i kva grad skulane har støtte i kommunane/fylkeskommunane sine overordna strukturar, strategiar og målsetjingar. For å bidra til kunnskapsstatus er det viktig å kartlegge internasjonalisering i skuleverket. Denne må byggje på eksisterande statistikk om skulane si deltaking i internasjonale utdanningsprogram.

Mange skular manglar heilskaplege planar for korleis ein skal drive internasjonaliseringsarbeid og arbeidet er ofte personavhengig.



«Det er viktig å løfte internasjonaliseringa, vise meirverdien og korleis den kan verke som eit kvalitetsfremjande verkty»

For å stimulere internasjonaliseringsverksemda i skulane er informasjon, kompetansebygging og kompetanseoverføring viktig. SIU driv allereie ei omfattande resultatformidling frå programma gjennom publikasjonane Europavegen og Itiniera, og vil generelt arbeide for at nye og eksisterande prosjekt blir knytt til relevante satsingsområde for norsk skule. For å styrke tilbodet mot skulane vil SIU utvikle ei webbasert teneste knytt til eigen nettstad. På dei nye nettsidane vil lærarar finne ei «Handbok for internasjonalisering», gode eksempel på internasjonaliseringstiltak ved andre skular, og nyttige lenker til internasjonale samarbeidsprogram.

Etablering av eit nasjonalt nettverk med kraft til å påverke og som vil nytte internasjonalisering for å fremje kvalitet er viktig. Arbeid

det med å utvikle eit slikt nettverk mellom alle relevante aktørar i skulesektoren vil bli ei prioritert oppgåve. Viktige aktørar er i tillegg til Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet, dei internasjonalt ansvarlege hos fylkesmannen, nettverket av fylkeskommunar, KS, og dei ulike nasjonale kompetansesentra.

SIU si oppgåve blir å bidra til at skulen koplår dei internasjonale programma til sitt generelle danningoppdrag og til læreplanar og å støtte opp om deira arbeid med internasjonalisering: for å lære av andre, for å lære språk og for å støtte opp om utvikling av kulturkompetanse og styrke det fleirkulturelle samfunnet.



Profilering av Noreg som studie- og forskingsland

Gjennom arbeidet med å profilere Noreg i utlandet skal SIU bidra til å byggje eit godt omdøme for norsk høgre utdanning og forskning. Målet er å tiltrekke gode studentar og forskarar både for å ivareta balansen i mobilitet inn og ut og, ikkje minst, for å gje internasjonale impulsar til norske campusar.

Nettstaden studyinnorway.no er ein viktig faktor i SIUs profileringarbeid. Gjennom portalen når vi ut med informasjon til stadig fleire interesserte studentar. I løpet av 2009 var over 200 000 unike brukarar innom nettstaden. Hausten 2009 gjennomførte SIU ei brukarundersøking som viste at langt dei fleste som vitja nettstaden fann den informasjonen dei ønskte. SIU har også tatt i bruk såkalla sosiale medium som Facebook og Twitter, noko som òg genererer auka trafikk til studyinnorway.no.

Samarbeidet med dei norske høgre utdanningsinstitusjonane er ein viktig del av SIUs profileringoppdrag. Deltaking på ulike messer og arenaer samt produksjon av nasjonalt informasjonsmaterieill står sentralt. Tilbakemeldingane frå sektoren er gode, men det er ei kontinuerlig utfordring å finne fellesnemnaren mellom dei nasjonale satsingane SIU har ansvar for og dei institusjonelle prioriteringane.

Informasjon og kommunikasjon

SIU gjennomfører kvart år ei rekkje ulike informasjonstiltak. Frå kurs og konferansar til rapportar, publikasjonar og mediekontakt, og sist, men ikkje minst, aktivitet på internett. Nettet er den viktigaste kommunikasjonskanalen for SIU. I 2009 vart den nye nettstaden studeritlandet.no lansert. Desse nettsidene skal gje studentar som vurderer utanlandsstudium god og korrekt informasjon og inspirasjon til å dra ut. Nettstaden fungerer i stor grad som ein metaportal, med pekarar vidare til ANSA, Lånekassen og dei norske universiteta og høgskulane. SIU har i 2009 også i aukande grad tatt i bruk sosiale medium, og har eigne profiler og oppdaterte nyhende både på Facebook og Twitter.

SIUs faste publikasjonar, Global Knowledge, Itinera og Europavegen er også viktige virkemiddel i informasjonsarbeidet. I 2009 gav SIU ut eit jubileumsmagasin som var ei felles utgåva av Global Knowledge og Itinera. Delar av stoffet var på engelsk og delar på norsk. Gjennom gode artiklar og bilete synleggjer dette magasinet på ein god måte både omfang og kvalitet i den norske utdanningssektoren internasjonaliseringarbeid. Vona er at slik synleggjering også verker som ein inspirasjon til auka engasjement.

Kompetansebygging

SIUs mål er å være eit kompetanseorgan for norske styresmakter og utdanningsinstitusjonar i deira internasjonaliseringsarbeid. Som ledd i dette arbeidet gjev SIU ut en årleg tilstandsrapport. Siktemålet med rapporten er å gje eit bilete av internasjonaliseringsarbeidet som vert gjort ved norske høgre utdanningsinstitusjonar, og slik medverke til å auke kunnskapen på feltet - både til Kunnskapsdepartementet og i universitets- og høgskulesektoren.

SIU har i 2009 arrangert og delteke i fleire konferansar og seminar, mellom anna mobilitetsseminaret knytt til lanseringa av SIUs eigen mobilitetsrapport. Fleire av SIUs medarbeidarar har halde innlegg og foredrag på seminar og konferansar i regi av institusjonar i sektoren, mellom anna i relasjon til internasjonaliseringsstrategiar og Stortingsmelding nr 14.

SIU tar del i ei rekke eksterne utval og fora, både kortvarige og meir permanente. Utvalet som skulle sjå på ny internasjonaliseringsstrategi for Universitetet i Agder, la fram sitt forslag for UiAs styre våren 2009, og SIU medverka aktivt i det europeiske indikatorprosjektet IMPI.

SIU har også vore representert i KDs kontaktgruppe for Bologna-prosessen, som observatør i Nasjonalt råd for lærerutdanning (NRLU) og Senteret for fransk-norsk forskningssamarbeid innan samfunnsfag og humaniora.

Rådgeving, utredning og service

Som ledd i arbeidet med å gje nasjonale styresmakter gode grunnlag for avgjerder og politikktutforming, har SIU, på bestilling frå Kunnskapsdepartementet, levert fleire innspel og fråsegner i 2009. SIU fekk i løpet av året utvida sitt generelle mandat for kompetansebygging om internasjonalisering i høgre utdanning til også å omfatte grunnopplæringa. SIU leverte på bakgrunn av dette eit grunngeve forslag til tiltak som kan setjast i verk i 2010. Departementet har gjeve SIU ei ekstra løyving for 2010 til desse tiltaka, og ein eigen prosjektgruppe vil følgje opp arbeidet gjennom heile året.

SIU har som mål å være fremst i landet på norske mobilitetsdata og analyser av studentmobilitet inn og ut av Noreg. Mobilitetsrapporten analyserer mobilitetstrender og presenterer oppdatert mobilitetsstatistikk innanfor høgre utdanning. Rapporten vart i fjor utgjeven for tredje gong.

I 2009 gjennomførte SIU også ein stor spørjeundersøking blant norske studantar for å kartlegge årsaker til at nokre vel å ta delar av studiet i utlandet, mens andre held seg heime. Mobilitetsanalysen vert publisert i løpet av mars 2010.

SIU har i 2009 følgd opp Kunnskapsdepartementets Latin-Amerika strategi. Det er utarbeida kortfatta landrapporter om dei tre hovudprioriterte landa, om utdanningssektoren og kort om finansiering,



kvalitet og om moglegheiter for samarbeid med norske institusjonar. Auka samarbeid med India er eit anna område SIU har jobba med i 2009 og det er levert ein oversikt over norske universitet og høgskulars kontakt med India, kommentarar til utfordringar i samarbeidet, og ein oversikt over kva miljø som tilbyr India-kunnskap i Noreg.

Organisasjon

Arbeidsmiljøundersøkinga som vart gjennomført våren 2009 ga som i tidlegare år gode resultat, og syner at arbeidsmiljøet i SIU er godt. Dette er svært viktig i ei kompetanseintensiv verksemd som SIU både for å rekruttere og for å halde på dyktige medarbeidarar. I tillegg til at resultatata er gode for organisasjonen totalt sett, er dei også svært gode samanlikna med andre kunnskapsverksemdar.

I februar 2009 vart SIUs organisasjonsstruktur endra. Fire seksjonar med resultatansvar vart oppretta og eit nytt leiarnivå vart innført. Målet med endringane var å utforme ein organisasjon som skulle sikre god oppgåveløysing, gode forvaltningsrutinar og gode vilkår for vidare utvikling. SIUs organisasjonen er no godt rusta for dei mange viktige oppgåvene senteret skal utføre i tida framover.

Avtalen om inkluderande arbeidsliv, IA-avtalen, skal bidra til reduksjon i sjukefråvær og uføretrygd, og at einskildarbeidstakarens resursar og arbeidsevne vert utvikla og nytta aktivt. SIU inngjekk med verkning frå mai 2009 avtale om å verte IA-verksemd.

Kontinuerlig kvalitetsbetring

Gjennom dei to siste åra har SIU jobba målretta med utviklinga av eit heilskaplig kvalitetsystem og innarbeiding av gode kvalitetsrutinar. Hausten 2009 vart SIU sertifisert etter ISO 9001:2008-standarden.

ISO 9001 er den vanlegaste og internasjonalt mest anerkjende standarden som stiller krav til korleis ein organisasjon sikrar stabil kvalitet over tid. Ein føresetnad for å lukkast med kvalitetsarbeidet er at verksemda jobbar systematisk, involverer medarbeidarane og har fokus på brukarane av produkt og tenester.

SIUs kvalitetsystem «KVASS» omfattar alle delar av verksemda og er forankra i SIUs vedtekter og strategi samt god forvaltningspraksis. Kontinuerlig betring skal være ein del av kvardagen for alle medarbeidarar i SIU. Gjennomføring av kvalitetspolitikken er uttrykt i kvalitetsmål som er innarbeida i styringa av SIU.

Helse, miljø og tryggleik er ein viktig del av vårt kvalitetsarbeid, og skal vere ein prioritert del av alle aktivitetar. SIUs verdigrunnlag står òg sentralt i kvalitetsarbeidet. Gjennom eit aktivt forhold til våre egne verdier får kvalitetsomgrepet innhald.

Med ISO-sertifiseringa er ein viktig milepæl nådd.



SIUs tre v'ar

Visjon

SIU gjer Utdannings-Noreg internasjonalt.

Verksemdsidé

SIU skal vere Noregs kompetansesenter for internasjonalisering og skal gjennom sine aktivitetar medverke til kvalitetsheving av utdanning og forskning.

Verdiar

Kunnskapsrik
Handlekraftig
Hjelpsam
Engasjert
Mangfaldig





SENTER FOR INTERNASJONALISERING AV HØGRE UTDANNING
TLF: 55 30 38 00 FAKS: 55 30 38 01 E-POST: SIU@SIU.NO
ADRESSE: POSTBOKS 1093, 5811 BERGEN
BESØKSADRESSE: VASKERELVEN 39, 5014 BERGEN WWW.SIU.NO

